



# ÅRSMELDING
# BERGSØY I L
# HANDBALLGRUPPA
# FOR
# SESONGEN
# 1991-92

STYRET

Handballgruppa har i sesongen 1991/92 hatt dette styret:

| | |
|---|---|
| Bodil Notøy | leiar |
| Rolf Harsvik | kasserar |
| Astrid Jensen | sekr. |
| Torill Berge | Styrem. |
| Kristin Leine | " |
| Svein Leine | " |
| Linda K. Voldsund | " |
| Åge Remøy | " |
| Solveig Grønbech | " |

I sesongen 1.mai 1991 til 1.mai 1992 har styret hatt 9 møte og handsama 34 styresaker.

MÅLSETJING

Målsetjinga for handballgruppa var også denne sesongen todelt, ei sportsleg og ei økonomisk målsetjing. På den sportslege sida oppnådde vi*dei mål vi hadde sett oss. Både herrelaget og damelaget heldt plassane sine i 3.divisjon og i4.divisjon.

Den økonomiske målsetjinga i gruppa var balanse i rekneskapen. Gruppa har arbeidd aktivt for å skaffe inntekter som kan dekkje dei reelle utgiftene.

Denne sesongen har gruppa hatt større driftsutgifter enn inntekter, og dermed har gruppa opparbeidd eit underskot.
Målet for sesongen 1992/93 må vere målbevisste tiltak for å rette dette opp.

SERIEN

Handballgruppa hadde 10 lag med i serien denne sesongen.
Vi hadde 8 aldersbestemte lag med, 3 gutelag og 5 jentelag.
Også denne sesongen hadde J12 og J14 både A- og B-lag.
Vi har dessutan hatt ei minihandballgruppe.

På sesniorsida hadde vi eit herrelag og eit damelag.
Herrelaget fekk andreplassen i sin pulje i 3. divisjon, 6 poeng bak puljevinnar Charlottenlund.

Damelaget, som kom med fordi Hødd trekte seg frå serien, oppnådde ein fin 6. plass.

Av andre serieresultat vil vi nemne J12, som fekk ein andreplass i pulje C.

SPORTSLEGE ARRANGEMENT

Handballgruppa har hatt ein aktiv sportsleg sesong, og gruppa har sjølv arrangert 2 cupar, ein seniorcup og ein cup for aldersbestemte lag.

Sommarcup-91 vart arrangert for 3.gong, 6. og 7.juli.
Det viste seg at juli ikkje er noko god tid å arrangere cup på. Publikum svikta, dessutan var det ferietid for mange.
Også i år fekk vi tildelt dommarsamling, med observatørar frå NHF og Trondheim handballkrets.
Det deltok 8 herrelag og 9 damelag, og det vart spela 42 kampar i løpet av helga.
Rollon vann herreklassen og Spjelkavik vann dameklasse.

Økonomisk sat handballgruppa att med eit underskot på denne cupen. På grunnlag av dette søkte styret Herøy kommune om redusert hall-leige.
Handballgruppa fekk fri leige, men betalte for garderobevask.

Handballgruppa arrangerte Sparebankcup, 7. og 8.sept.,
Dette er ei turnering for aldersbestemte lag, gutar og jenter i alderen 14-16 år. Sparebankcup vart arrangert for 6.gong.
Spjelkavik vann J14, Stranda vann J16 og Bergsøy vann G14.
Spjelkavik vann G16 klassen.

DELTAKING PÅ TURNERINGAR

Dette å reise på cup er populært, og kvart år er det vanleg at både seniorlaga og dei aldersbestemte laga deltek på ein eller to cupar.
Turneringsspel er utviklande for laga, både sosialt og sportsleg.

Mini-spelarane har vore med på 2 turneringar.

Dei aldersbestemte laga har vore på ulike cupar denne sesongen.
J16, J14 og G14 har vore på Strandacup. Der kom J16 til finalen og fekk ein andreplass.
G14, J12 og J14 var på Spjelkavikcup.Der vann G14 sin klasse.
J12, G16 og G12 var på Åndalsnescup, men reiste heim etter første dag, grunna usikker ferjestreik.

ANNAN SPORTSLEG DELTAKING

BIL-spelarar har også markert seg innan krets- og LUM-samlingar. Denne sesongen har desse spelarane vore med:
Silje Nørvåg, Ann Cath. Hjelmeseth, Knut Erik Håheim, Hanne Reite, Vibeke Frøystad, Andre Dypvik, Antoni Danielsen, Elisabeth Nørvåg.

## SPORTSLEG SATSING

Denne sesomgen fornya handballgruppa ikkje kontrakten med Spjelkavik IL, om trenarsamarbeid med Marijan Sedjak.
I staden fekk vi slovenaren Darko Grzentic attande til Bergsøy, no som spelande trenar på herrelagėt og trenar for damelaget.

Heller ikkje denne sesongen hadde gruppa påmelde dommarar.
Dette er noko handballgruppa må arbeide mykje med.

## ØKONOMI

Denne sesongen har handballgruppa hatt større driftskostnader enn driftsinntekter.
Det gir gruppa eit årsunderskot på 118.000 kr.
Ein del av dette skriv seg frå etterslep frå sesongen 1990/91.

Dei største inntektskjeldene denne sesongen er lossing, sponsorstøtte, lotteri, moteframsyning og kamparrangement.
Handballgruppa har lossa inn heile 215.000 kr.
dessutan har handballgruppa hatt ansvaret for 17.mai-arrangementet på Bergsøya, som ga rundt 20.000 kr i overskot.

Av større driftskostnader kan vi nemne trenarutgifter, dommarutgifter og reisekostnader.
Gruppa har dessutan opparbeidd seg kortsiktig gjeld, med Herøy kommune som største gjeldskunde.
Vi viser elles til rekneskapen som skal leggast fram.

## FORELDREFOREINING

| | |
|---|---|
| Grete Grønbech | leiar |
| Jorunn Kvalsund | nestleiar |
| Guri Djupvik | medl. |
| Signe Nysæter | " |
| Linda H. Voldsund | " |
| Ellen Voldsund | " |

Foreldreforeininga har vore med under dei fleste store arrangementa.
Gruppa er elles med og har ansvar under kamparrangementa i Herøyhallen.

## SPONSORSTØTTE

Vår hovudsponsor for dei aldersbestemte laga er Sparebanken Møre.
Desse støttar oss med draktreklame:
K/S Jan Mayen, Remøy Trading, Leine Maritime, Herøy Båttrygdelag, Sævik Supply, Remøy Management, S-Marked, P/R Sæviking, Lanternen Marina.

TAKK

Styret i handballgruppa 1991/92 vil rette ei takk til alle som har vore med denne sesongen, til aktive, trenarar, oppmenn, foreldre og alle andre for den innsatsen dei har gjort.

Elles vil styret takke alle andre støttespelarar som har vore med og hjelpt oss denne sesongen.
Takk til Herøy kommune, Herøy kulturhus, forretningsstanden i Fosnavåg og på Eggesbønes.
Takk til bankar og bedrifter som har gitt oss sponsorstøtte.
Sist, men ikkje minst, takk til heimepublikumet vårt!

Så vil vi ynskje det nye styret i handballgruppa lukke til med arbeidet vidare.

Fosnavåg, den 25.november 1992

Bodil Notøy
Bodil Notøy
leiar

Astrid Jensen
Astrid Jensen
sekr.

# SERIERESULTAT 1991-92

3. DIV. MENN AVD. E:

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | Charlottenlund | 20 | 17 | 0 | 3 | 527-392 | 34 |
| 2. | Bergsøy | 20 | 12 | 4 | 4 | 446-398 | 28 |
| 3. | Tynset | 20 | 13 | 2 | 5 | 468-442 | 28 |
| 4. | Wing | 20 | 12 | 2 | 6 | 499-451 | 26 |
| 5. | Mosjøen | 20 | 11 | 1 | 8 | 506-474 | 23 |
| 6. | Skogn | 20 | 9 | 1 | 10 | 428-416 | 19 |
| 7. | NTHI | 20 | 8 | 2 | 10 | 452-455 | 18 |
| 8. | Rørvik | 20 | 8 | 2 | 10 | 448-455 | 18 |
| 9. | Molde | 20 | 7 | 2 | 11 | 454-452 | 16 |
| 10. | Gauldal | 20 | 2 | 2 | 16 | 368-531 | 6 |
| 11. | Ørsta | 20 | 2 | 0 | 18 | 378-508 | 4 |

Trenar: Darko Grzentic Oppm.: Terje Krogset

4. DIV. KVINNER AVD. 10:

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | Stranda | 18 | 17 | 1 | 0 | 436-273 | 35 |
| 2. | Skarbøvik | 18 | 13 | 2 | 3 | 338-264 | 28 |
| 3. | Mauseidvåg | 18 | 10 | 3 | 5 | 310-260 | 23 |
| 4. | Spjelkavik | 18 | 9 | 2 | 7 | 307-284 | 20 |
| 5. | Rollon | 18 | 8 | 3 | 7 | 306-276 | 19 |
| 6 | Bergsøy | 18 | 8 | 2 | 8 | 285-285 | 18 |
| 7. | Gloppen | 18 | 6 | 2 | 10 | 294-368 | 14 |
| 8. | Clausenengen | 18 | 6 | 1 | 11 | 300-326 | 13 |
| 9. | Elnesvågen | 18 | 2 | 2 | 14 | 304-388 | 6 |
| 10. | HK-91 Molde | 18 | 2 | 0 | 16 | 249-405 | 4 |

Trenar: Darko Grzentic Oppm.: Bodil Notøy

Avdelingstabell Jenter 16 avd. A pr. 31.03.92 shk

jenter 16 avdeling A

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Stranda | 12 | 11 | 0 | 1 | 233 - 126 | 22 |
| 2 | Ørsta | 12 | 9 | 1 | 2 | 217 - 156 | 19 |
| 3 | Langevåg | 12 | 9 | 0 | 3 | 196 - 149 | 18 |
| 4 | Bergsøy | 12 | 4 | 2 | 6 | 166 - 166 | 10 |
| 5 | Spjelkavik | 12 | 4 | 1 | 7 | 168 - 180 | 9 |
| 6 | Langevåg B | 12 | 3 | 0 | 9 | 116 - 153 | 6 |
| 7 | Volda | 12 | 0 | 0 | 12 | 102 - 268 | 0 |

KRETSMESTER: STRANDA

Trenar: Ruth Frøystad Oppm.: Astrid Jensen

Avdelingstabell Gutter 16 pr. 31.03.92 shk

gutter 16 avdeling

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Volda | 18 | 14 | 0 | 4 | 484 - 358 | 28 |
| 2 | Midsund | 18 | 14 | 0 | 4 | 426 - 363 | 28 |
| 3 | Langevåg | 18 | 13 | 0 | 5 | 414 - 326 | 26 |
| 4 | Stranda | 18 | 12 | 0 | 6 | 459 - 332 | 24 |
| 5 | Ørsta | 18 | 11 | 2 | 5 | 394 - 315 | 24 |
| 6 | Åndalsnes | 18 | 8 | 1 | 9 | 304 - 313 | 17 |
| 7 | Rollon | 18 | 8 | 0 | 10 | 377 - 382 | 16 |
| 8 | Spjelkavik | 18 | 6 | 0 | 12 | 300 - 389 | 12 |
| 9 | Bergsøy | 18 | 1 | 1 | 16 | 282 - 396 | 3 |
| 10 | Hødd | 18 | 1 | 0 | 17 | 224 - 490 | 2 |

FYLKESMESTER: VOLDA

Trenar: Ronny Koteng Oppm.: Adolf Dypvik

Avdelingstabell Jenter 14 avd. A pr. 31.03.92 shk

jenter 14 avdeling A

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Spjelkavik | 16 | 15 | 0 | 1 | 283 - 95 | 30 |
| 2 | Stranda | 16 | 13 | 1 | 2 | 284 - 102 | 27 |
| 3 | Rollon | 16 | 11 | 1 | 4 | 222 - 109 | 23 |
| 4 | Bergsøy | 16 | 10 | 2 | 4 | 230 - 106 | 22 |
| 5 | Herd | 16 | 9 | 0 | 7 | 137 - 161 | 18 |
| 6 | Godøy | 16 | 4 | 1 | 11 | 94 - 220 | 9 |
| 7 | Hødd | 16 | 4 | 1 | 11 | 87 - 213 | 9 |
| 8 | Haram | 16 | 2 | 0 | 14 | 109 - 258 | 4 |
| 9 | Skarbøvik | 16 | 1 | 0 | 15 | 71 - 253 | 2 |

KRETSMESTER: SPJELKAVIK

Trenar: Ruth Frøystad Oppm.: Johs. Nørvåg

Avdelingstabell Jenter 14 avd. C pr. 31.03.92 shk

jenter 14 avdeling C

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Ørsta | 14 | 12 | 1 | 1 | 201 - 78 | 25 |
| 2 | Mauseidvåg | 14 | 11 | 1 | 2 | 170 - 91 | 23 |
| 3 | Sæbø | 14 | 10 | 0 | 4 | 178 - 125 | 20 |
| 4 | Bergsøy B | 14 | 7 | 2 | 5 | 144 - 114 | 16 |
| 5 | Valder | 14 | 6 | 1 | 7 | 192 - 128 | 13 |
| 6 | Volda | 14 | 5 | 1 | 8 | 148 - 141 | 11 |
| 7 | Blindheim B | 14 | 2 | 0 | 12 | 63 - 190 | 4 |
| 8 | Haram B | 14 | 0 | 0 | 14 | 41 - 270 | 0 |

Trenar: Ruth Frøystad Oppm.: Otto Røren

Avdelingstabell Gutter 14 pr. 31.03.92 shk

gutter 14 avdeling

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Molde | 12 | 11 | 0 | 1 | 216 - 120 | 22 |
| 2 | Haram | 12 | 8 | 0 | 4 | 186 - 140 | 16 |
| 3 | Ringen | 12 | 7 | 1 | 4 | 216 - 184 | 15 |
| 4 | Bergsøy | 12 | 6 | 1 | 5 | 167 - 172 | 13 |
| 5 | Valder | 12 | 5 | 1 | 6 | 174 - 152 | 11 |
| 6 | Stranda | 12 | 3 | 1 | 8 | 147 - 183 | 7 |
| 7 | Ørsta | 12 | 0 | 0 | 12 | 113 - 268 | 0 |

FYLKESMESTER: MOLDE

KRETSMESTER: HARAM

Trenar: Edvin Pettersen Oppm.: Rune Notøy/Belinda Selvåg

Avdelingstabell Jenter 12 avd. C pr. 31.03.92 shk

jenter 12 avdeling C

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Mork | 16 | 14 | 2 | 0 | 199 - 87 | 30 |
| 2 | Bergsøy | 16 | 13 | 3 | 0 | 234 - 93 | 29 |
| 3 | Hovdebygda | 16 | 10 | 1 | 5 | 177 - 134 | 21 |
| 4 | Sæbø | 16 | 9 | 2 | 5 | 210 - 181 | 20 |
| 5 | Ørsta | 16 | 9 | 1 | 6 | 170 - 161 | 19 |
| 6 | Bergsøy B | 16 | 6 | 0 | 10 | 132 - 170 | 12 |
| 7 | Volda | 16 | 3 | 2 | 11 | 127 - 180 | 8 |
| 8 | Larsnes | 16 | 2 | 0 | 14 | 105 - 207 | 4 |
| 9 | Volda B | 16 | 0 | 1 | 15 | 65 - 206 | 1 |

Trenar: Margareth Leinebø

Oppm. JA: Jakob Haugen, Solveig Håheim Oppm. JB: Bente Storvik, Margrethe Steinsvik

Avdelingstabell Gutter 12 pr. 31.03.92 shk

gutter 12 avdeling

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Spjelkavik | 10 | 10 | 0 | 0 | 137 - 78 | 20 |
| 2 | Ørsta | 10 | 7 | 1 | 2 | 189 - 99 | 15 |
| 3 | Stranda | 10 | 6 | 1 | 3 | 154 - 123 | 13 |
| 4 | Haram | 10 | 4 | 0 | 6 | 128 - 130 | 8 |
| 5 | Bergsøy | 10 | 1 | 0 | 9 | 58 - 122 | 2 |
| 6 | Mauseidvåg | 10 | 1 | 0 | 9 | 60 - 174 | 2 |

Trenar: Stig Vestnes, Håvard Notøy Oppm.: Bodvar Kleiven, Linda K. Voldsund

HOVEDSPONSOR:
SPAREBANKEN MØRE

HANDBALL-
GRUPPA
6090 Fosnavåg

# RESULTATREGNSKAP 1.05.91 - 30.04.92

| Inntekter: | 91/92 | Budsj. 91/92 | 90/91 |
|---|---|---|---|
| Moteframsyning | 42.965 | 55.000 | 48.148 |
| Lynlotteri | 61.784 | 55.000 | 52.676 |
| Kamparr. | 102.990 | 130.000 | 105.194 |
| Bergsøy - cup | 0 | 0 | 25.105 |
| Reklame hall | 47.500 | 50.000 | 38.500 |
| Handballprogram | 31.400 | 30.000 | 30.400 |
| Lotteriinnt | 20.962 | 13.000 | 67.410 |
| Reisetilskott | 43.800 | 50.000 | 32.100 |
| Sponsorer | 56.000 | 60.000 | 57.000 |
| Sparebank cup | 30.497 | 30.000 | 34.38[illegible] |
| Sommar-cup | 7.446 | 30.000 | 28.220 |
| Lossing | 215.888 | 160.000 | 92.664 |
| Andre innt. inkl.17.ma | 68.805 | 40.000 | 46.714 |
| DRIFTSINNTEKTER | 730.037 | 703.000 | 658.516 |
| **Utgifter:** | | | |
| Moteframsyning | 18.980 | 8.000 | 7.476 |
| Lynlotteri | 1.700 | 6.000 | 2.514 |
| Kamparr. | 43.638 | 30.000 | 29.220 |
| Utg.17.mai/BIL cup 90 | 44.991 | 0 | 17.160 |
| Lotteri | 14.451 | 6.000 | 17.103 |
| Handballprogram | 8.988 | 7.500 | 7.370 |
| Sparebank-cup | 11.490 | 15.000 | 22.250 |
| Sommarcup | 19.283 | 25.000 | 28.523 |
| Lossing | 26.915 | 5.000 | 4.596 |
| Trenarutgifter | 200.985 | 215.000 | 175.840 |
| Leige lokaler | 26.722 | 55.000 | 49.75[illegible] |
| Sportsuts./medisin | 23.462 | 35.000 | 46.571 |
| Utstyr Herøyhallen | 0 | | 9.067 |
| Kontorrekvisita | 2.037 | 4.000 | 4.342 |
| Telefon/porto | 15.251 | 10.000 | 10.999 |
| Ander driftsutg. | 12.174 | 25.000 | 19.049 |
| Kretsavgifter/kurs | 42.778 | 45.000 | 46.244 |
| Dommarutgifter | 59.408 | 25.000 | 21.599 |
| Reiseutgifter | 249.957 | 150.000 | 120.244 |
| Annonser | 1.937 | 0 | 805 |
| Forsikringer lag | 900 | 900 | 900 |
| Andre kostnader | 11.734 | 15.000 | 12.096 |
| DRIFTSKOSTNADER | 837.781 | 682.400 | 653.720 |
| DRIFTSRESULTAT | (107.744) | 20.600 | 4.796 |
| Netto finanskostn. | 10.338 | 4.000 | 4.620 |
| Årets underskot | (118.082) | 16.600 | 176 |

HOVEDSPONSOR:
SPAREBANKEN MØRE

BERGSØY IDRETTSLAG 1944

HANDBALL-
GRUPPA
6090 Fosnavåg

BALANSE PR. 30.04.92

| EIENDELER | Note | 1992 | 1991 |
|---|---|---|---|
| Kontanter | | 2.002 | |
| Kunder | | 41.572 | 74.823 |
| Forsk.bt.startkont | | 0 | 5.000 |
| Premier lotteri | | 0 | 4.752 |
| Sum omøpsmidler | | 43.574 | 84.575 |
| Sum anleggsmidler | | | 0 |
| Sum eiendeler | | 43.574 | 84.575 |
| GJELD OG EGENKAPITAL | | | |
| Kassekreditt | | 59.315 | 8.154 |
| Levrandørgjeld | | 101.103 | 75.183 |
| Kortsiktig gjeld | | 160.418 | 75.183 |
| egenkapital 1.5 | | 1.236 | 113 |
| Undersk. herrelaget | | 0 | (715) |
| Oversk. damelaget | | 0 | 1.668 |
| Underskot 91/92 | | (118.082) | 172 |
| Sum egenkapital | | (116.846) | 1.238 |
| GJELD OG EGENKAPITAL | | 43.572 | 76.421 |

6092 EGGSEBØNES 30.04.92
01.09.92

KATO KOTENG
kasserar

Revisor

BODIL NOTØY
Leiar

HANDBALL-
GRUPPA

6090 FOSNAVÅG, DEN

BUDSJETTFRAMLEGG SESONGEN 1992/93

| INNTEKTER | BUDSJETT 1992/93 | BUDSJETT 1991/92 |
|---|---|---|
| Moteframsyning | 45.000 | 55.000 |
| Lynlotteri | 55.000 | 55.000 |
| Kamparrangement | 100.000 | 130.000 |
| Reklame hall | 50.000 | 50.000 |
| Handballprogram | 30.000 | 30.000 |
| Lotteri NHF,SHK | 30.000 | 26.000 |
| Reisetilskot | 50.000 | 50.000 |
| Sponsorinntekter | 60.000 | 60.000 |
| Sparebankcup | 30.000 | 30.000 |
| Sommarcup | 20.000 | 30.000 |
| Lossing | 160.000 | 160.000 |
| Andre inntekter | 30.000 | 40.000 |
| DRIFTSINNTEKTER | 660.000 | 716.000 |

| UTGIFTER | | |
|---|---|---|
| Moteframsyning | 10.000 | 8.000 |
| Lynlotteri | 2.000 | 6.000 |
| Kamparrangement | 30.000 | 30.000 |
| Lotteri NHF,SHK | 16.000 | 13.000 |
| Handballprogram | 8.000 | 7.500 |
| Sparebankcup | 15.000 | 15.000 |
| Sommarcup | 15.000 | 25.000 |
| Lossing | 20.000 | 5.000 |
| Trenarutgifter | 135.000 | 215.000 |
| Leige lokale | 55.000 | 55.000 |
| Sportsuts./medisin | 20.000 | 35.000 |
| Kontorrekvisita | 2.000 | 4.000 |
| Telefon/porto | 10.000 | 10.000 |
| Andre driftsutgifter | 20.000 | 25.000 |
| Kretsavg./kurs | 35.000 | 45.000 |
| Dommarutgifter | 40.000 | 25.000 |
| Reiseutgifter | 160.000 | 150.000 |
| Annonsar | 1.000 | 0 |
| Forsikringar lag | 1.000 | 900 |
| Andre kostnader | 10.000 | 15.000 |
| DRIFTSKOSTNADER | 605.000 | 689.400 |